



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 09.11.2016
Tid: 09:00 – 15:45

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift
Ola Sønnerlid	IKT-leiar
Torgeir Steien	Avd. leiar plan og utvikling
Trond Salmo	Økonomisjef

På informasjonsmøtet om budsjettet 2017 kl. 09.00 møtte ovannemnde, i tillegg til utvalsleiar for oppvekst og omsorg Grete Marit Veka Maraas (SP), utvalsleiar for plan og miljø Torstein Grimen (H) og gruppeleiar i KRF Harald Rydland. Møtet i formannskapet vart sett kl. 12.10. Vedtak i budsjettsaka vart gjort i formannskapet.

Wenche Tislevoll
Ordførar

Bente Fitjar
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 74/16	Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020	
PS 75/16	Godkjenning av protokoll	
PS 76/16	Disponering av konsesjonsmidlar frå fiskeoppdrett	
PS 77/16	Søknad om tilleggsøyving til kyrkja for 2016	
PS 78/16	Mogelege avsetningar i 2016 for bruk i 2017	
PS 79/16	Vidareføring av utvalde tenester i Business Region Bergen	
PS 80/16	Høyring - etablering av Vestlandsregionen	
PS 81/16	Høyring - nærpolitireforma og framlegga til effektivisering av den lokale strukturen i politidistriktet	
PS 82/16	Strategiplan for Fitjar kultur- og idrettsbygg	
PS 83/16	Uttale til plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg	
PS 84/16	Tilskot til Håkonarspelet 2017	
PS 85/16	Val av nytt ungdomsråd 2016	
PS 86/16	Endring i selskapsavtalen til Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	
PS 87/16	Valkrinsar i Fitjar kommune	
PS 88/16	Ymse	
PS 89/16	Meldingar	

Sak PS 85/16 – Val av nytt ungdomsråd 2016 – vart handsama først i møtet.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 74/16 Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020

Framlegg til vedtak/tilråding:

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Rådmannen la fram framlegg til budsjett for 2017. Rådmannen og leiargruppa gjekk gjennom dei enkelte sektorane i kommunen.

Formannskapet drøfta budsjettframlegget frå rådmannen.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) kom med følgjande framlegg til vedtak:

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale. Formannskapet ber utvala drøfta omprioriteringar og tiltak som kan styrka drifta, særleg med tanke på balansen i langtidsplanen (forbetra resultat). Formannskapet skal også drøfta omprioriteringar og tiltak innafor eige budsjett.

Vedtak: (Samrøystes)

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale. Formannskapet ber utvala drøfta

omprioriteringar og tiltak som kan styrka drifta, særleg med tanke på balansen i langtidsplanen (forbetra resultat). Formannskapet skal også drøfta omprioriteringar og tiltak innafor eige budsjett.

PS 75/16 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 76/16 Disponering av konsesjonsmidlar frå fiskeoppdrett

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å disponera laksekonsesjonsmidlane som fylgjer:

Til finansiering av KLP innskot i 2016-2018	kr 2.000.000
Til finansiering av aksjekapital i FKIB	kr 3.000.000
Til finansiering av IKT-investering i 2016 (nettverk)	kr 225.000
Til finansiering av IKT-investeringar i 2017 som skissert	kr 290.000(250.000)
Oppgradering løpebane med	kr 1.250.000
Til ubunde investeringsfond	kr 3.938.000 (3.978.000)

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Representanten Agnar Aarskog (AP) ba formannskapet vurdere gildskapen hans, grunna vervet hans som styreleiar i Fitjar kultur- og idrettsbygg. Han vart samrøystes erklært ugild, då ein stor del av midlane til fordeling er føreslege å gå til FKIB. Han forlet møtet under handsaming av saka. Det var ikkje kalla inn vara i saka.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.

Rådmannen presiserte at KLP innskot skal til fond, og at midlane til oppgradering av løpebane vert sette på fond til 2018.

Tilråding til kommunestyret: (4 røyster)

Laksekonsesjonsmidlane vert å disponera som fylgjer:

Til finansiering av KLP innskot i 2016-2018	kr 2.000.000
Til finansiering av aksjekapital i FKIB	kr 3.000.000
Til finansiering av IKT-investering i 2016 (nettverk)	kr 225.000
Til finansiering av IKT-investeringar i 2017 som skissert	kr 290.000(250.000)
Oppgradering løpebane med	kr 1.250.000
Til ubunde investeringsfond	kr 3.938.000 (3.978.000)

PS 77/16 Søknad om tilleggsføring til kyrkja for 2016

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune støtter søknad frå Fitjar Sokn/Kyrkjeleg fellesråd om ekstra tilskot på kr 130 000,- til oppheng av kyrkjeklokka og maling av kyrkja. Det blir løyvd ein forholdsmessig sum til dei andre kyrkjесamfunna. Løyvingane blir tekne av disposisjonsfondet, med kr 141.100.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Rådmannen presiserte at ordet 'kyrkjesamfunn' i framlegget skal vera trus- og livssynsamfunn.

Representanten Arne Prestbø (H) ba formannskapet vurdere gildskapen hans, grunna vervet hans som varamedlem i soknerådet. Han vart samrøystes erklært ugild, og gjekk frå møtet under handsaming av saka. Det var ikkje kalla inn vara.

Formannskapet drøfta saka, og la føre følgjande felles framlegg til tillegg i vedtaket: Formannskapet ber om at kyrkja styrkar prosjekt- og økonomistyringa.

Vedtak: (4 røyster)

Fitjar kommune støtter søknad frå Fitjar Sokn om ekstra tilskot på kr 130 000,- til oppheng av kyrkjeklokka og maling av kyrkja. Det blir løyvd ein forholdsmessig sum til dei andre trus- og livssynsamfunna. Løyvingane blir tekne av disposisjonsfondet, med kr 141.100. Formannskapet ber om at kyrkja styrkar prosjekt- og økonomistyringa.

PS 78/16 Mogelege avsetningar i 2016 for bruk i 2017

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Formannskapet drøfta saka, og ser ikkje at det er trong for å handsama dette i eiga sak.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet ynskjer ikkje eiga sak for avsetningar i 2016.

PS 79/16 Vidareføring av utvalde tenester i Business Region Bergen

Framlegg til vedtak/tilråding:

1. Fitjar kommune ønskjer ikkje å inngå avtale om vidareføring/kjøp av tenester i Business Region Bergen.
2. Fitjar kommune meiner at Hordaland fylkeskommune sine ordningar innanfor regionalt utviklingsarbeid bør koma alle kommunane i fylket til gode, uavhengig av eigenbetaling frå kommunane.
3. Fitjar kommune ser med uro på at det vert lagt opp til å prioritera vidareføring av aktiviteten i Business Region Bergen framfor dei regionale partnerskapsavtalane.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Tilråding: (Samrøystes)

1. Fitjar kommune ønskjer ikkje å inngå avtale om vidareføring/kjøp av tenester i Business Region Bergen.
2. Fitjar kommune meiner at Hordaland fylkeskommune sine ordningar innanfor regionalt utviklingsarbeid bør koma alle kommunane i fylket til gode, uavhengig av eigenbetaling frå kommunane.
3. Fitjar kommune ser med uro på at det vert lagt opp til å prioritera vidareføring av aktiviteten i Business Region Bergen framfor dei regionale partnerskapsavtalane.

PS 80/16 Høyring - etablering av Vestlandsregionen

Framlegg til vedtak/tilråding:

1. Fitjar kommune støttar samanslåinga av fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestlandsregionen, som skildra i intensjonsplanen.
2. Dersom ei slik samanslåing ikkje lukkast, skal Fitjar kommune vera del av Hordaland fylke eller den regionen som Hordaland vert del av.
3. Fitjar kommune ønskjer at Vestlandsregionen skal ha nynorsk som målform.
4. Fitjar kommune ønskjer at tannhelsetenesta skal bli overført til kommunane, og meiner denne tenesta ikkje skal vera premissgjevande for ei samanslåing av fylka.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.
Formannskapet drøfta saka.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

1. Fitjar kommune støttar samanslåinga av fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestlandsregionen, som skildra i intensjonsplanen.
2. Dersom ei slik samanslåing ikkje lukkast, skal Fitjar kommune vera del av Hordaland fylke eller den regionen som Hordaland vert del av.
3. Fitjar kommune ønskjer at Vestlandsregionen skal ha nynorsk som målform.
4. Fitjar kommune ønskjer at tannhelsetenesta skal bli overført til kommunane, og meiner denne tenesta ikkje skal vera premissgjevande for ei samanslåing av fylka.

PS 81/16 Høyring - nærpolitireforma og framlegga til effektivisering av den lokale strukturen i politidistriktet

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar kommune gjev følgjande høyringssvar:

Fitjar kommune meiner det er svært viktig at Stord lensmannsdistrikt består som eiga geografisk driftseining, som i politimeisteren sitt alternativ 2. Arbeidsgruppa har gjort gode vurderingar kring dette spørsmålet og mellom anna tatt omsyn til føringane frå fleirtalet i Stortinget når det gjeld mogleg flytting til Vest politidistrikt om nokre år.

Kommunen meiner politimeisteren sitt alternativ 1, der Stord tenesteeining er lagt under Haugesund geografiske driftseining, vil svekke det gode samarbeidet kommunane i Sunnhordland har med politiet. Dei tre kommunane er ein utkant i eit stort politidistrikt, har ein befolkning på om lag 34 000 innbyggjarar og er ein region med store utfordringar når det gjeld beredskap knytt til industri og trafikk (blant anna E39). Med dette framlegget vil det verta over 80 km til næraste geografiske driftseining frå utkanten av Stord

tenesteeining. Det er for stor avstand til at dei viktige prinsippa om integrasjon i nærmiljøet og samspel med publikum vert teke i vare.

Fitjar kommune meiner det er avgjerande for ei vellukka reform at ordninga med politikontaktar vil betra samhandlinga mellom kommune og politi, og at det aukar tida politiet er til stades i kommunen. Det må difor liggja nokre premisser til grunn:

- Politikontakten må vera ein erfaren tenesteperson med fullmaktar til å representera politiet høvesvis kommunen og innbyggjarar
- Politikontakten må fungera som kommunen sin inngangsport til politiet sine samla ressursar
- Politikontakten må ha kontor på rådhuset og faste kontortider, minst to dagar i veka

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om saka.
Formannskapet drøfta saka.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommune gjev følgjande høyringssvar:

Fitjar kommune meiner det er svært viktig at Stord lensmannsdistrikt består som eiga geografisk driftseining, som i politimeisteren sitt alternativ 2. Arbeidsgruppa har gjort gode vurderingar kring dette spørsmålet og mellom anna tatt omsyn til føringane frå fleirtalet i Stortinget når det gjeld mogleg flytting til Vest politidistrikt om nokre år.

Kommunen meiner politimeisteren sitt alternativ 1, der Stord tenesteeining er lagt under Haugesund geografiske driftseining, vil svekke det gode samarbeidet kommunane i Sunnhordland har med politiet. Dei tre kommunane er ein utkant i eit stort politidistrikt, har ein befolkning på om lag 34 000 innbyggjarar og er ein region med store utfordringar når det gjeld beredskap knytt til industri og trafikk (blant anna E39). Med dette framlegget vil det verta over 80 km til næraste geografiske driftseining frå utkanten av Stord tenesteeining. Det er for stor avstand til at dei viktige prinsippa om integrasjon i nærmiljøet og samspel med publikum vert teke i vare.

Fitjar kommune meiner det er avgjerande for ei vellukka reform at ordninga med politikontaktar vil betra samhandlinga mellom kommune og politi, og at det aukar tida politiet er til stades i kommunen. Det må difor liggja nokre premisser til grunn:

- Politikontakten må vera ein erfaren tenesteperson med fullmaktar til å representera politiet høvesvis kommunen og innbyggjarar
- Politikontakten må fungera som kommunen sin inngangsport til politiet sine samla ressursar
- Politikontakten må ha kontor på rådhuset og faste kontortider, minst to dagar i veka

PS 82/16 Strategiplan for Fitjar kultur- og idrettsbygg

Framlegg til tilråding:

Fitjar kommune teiknar ny aksjekapital i FKIB med kr. 3,0 mill. Det vert føresett at FKIB betaler ned den langsiktige lånegjelda, og lausgjelda til kommunen. Det er og ein føresetnad at dei andre aksjonærane vil dekkja resten av lånesummen.

Fitjar kommune reduserer ordinært driftstilskot for 2017 med kr. 98 000, som førebels ligg som aktivt tiltak i budsjettet, og stryk alt ekstraordinært tilskot.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Representanten Agnar Aarskog (AP) meldte seg ugild i saka då han er styreleiar i Fitjar kultur- og idrettsbygg. Han forlet møtet under handsaming av saka, det var ikkje kalla inn vara.

Formannskapet drøfta saka. Det vart etterlyst rekneskap og budsjett for selskapet, administrasjonen vil freista å få lagt dette til saka til møtet i kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret: (4 røyster)

Fitjar kommune teiknar ny aksjekapital i FKIB med kr. 3,0 mill. Det vert føresett at FKIB betaler ned den langsiktige lånegjelda, og lausgjelda til kommunen. Det er og ein føresetnad at dei andre aksjonærane vil dekkja resten av lånesummen.

Fitjar kommune reduserer ordinært driftstilskot for 2017 med kr. 98 000, som førebels ligg som aktivt tiltak i budsjettet, og stryk alt ekstraordinært tilskot.

PS 83/16 Uttale til plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar kommune stør «Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland» slik han ligg føre.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 84/16 Tilskot til Håkonarspelet 2017

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar kommune imøtekjem ikkje søknaden frå Stiftinga Håkon den Gode.

Kommunen vil støtta spelet med Kr.100 000, dersom det kan finnast midlar til dette utanom ordinært budsjett.

Kommunen vil ikkje fristilla kultursjef, men er open for at ho skal kunne hjelpa Håkonarspelet innanfor tilgjengeleg kapasitet.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Representanten Dagfinn Brekke (KRF) ba formannskapet vurdera gildskapen hans, då han er politisk valt representant i styret i Foreningen Håkonarspelet. Etter forvaltningslova § 6 bokstav e, er styremedlem i foreiningar som er sakspart ugild. Det er ikkje unnatak for kommunalt valde styremedlemmer. Etersom saka handlar om stønad til foreininga, er foreininga part i saka. Etter dette vart representanten samrøystes erklært ugild i saka, og forlet møtet under handsaming av saka. Det var ikkje vararepresentant i saka.

Formannskapet drøfta saka. Rekneskap og budsjett ligg ikkje føre i saka, og det er elles knappe opplysningar om planane for oppsetjinga av spelet. Formannskapet ber om at kultursjef, rådmann og ordførar har eit møte med Foreningen Håkonarspelet, for å få meir informasjon om dette. Det er og ynskjeleg å få ein presentasjon av spelet i eit formannskapsmøte.

Det vart lagt føre felles framlegg frå formannskapet om å utsetja handsaming av saka til det ligg føre meir utfyllande opplysningar i saka.

Vedtak: (4 røyster)

Saka vert utsett.

PS 85/16 Val av nytt ungdomsråd 2016

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet vel fygjande representantar til Fitjar ungdomsråd:

Nora Marie Hellesund, Frida Traa, Malene Solli, Deivid Daniel Kobanovs, Alice Rose Mehammer, Hanan A.Ahmed, Jonas Torvund Midtsæter, Tobias Vestbøstad, Jone Nysæther, Eline Fitjar Hjelle, Maria Synnøve Toskedal Koløen, Maria Prestbø, Romante Zemqulyte og Oda volden De Fine.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Kandidatane til ungdomsrådet møtte fram under valet.

Det vart opplyst at ungdomsrådet skal konstituera seg sjølv med 7 medleamar og 7 varamedleamar, og velja leiar og nestleiar.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 86/16 Endring i selskapsavtalen til Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommune godkjenner *Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande frå 01.01.2017.*

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommune godkjenner *Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande frå 01.01.2017.*

PS 87/16 Valkrinsar i Fitjar kommune

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

1. Fitjar kommune skal utgjera ein valkrins frå stortingsvalet i 2017, og røystelokalet skal leggjast til Fitjar kultur- og idrettsbygg.
2. Det skal nyttast elektronisk kryssing i manntalet på valdagen.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Formannskapet drøfta saka.

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) kom med følgjande framlegg til tilråding:

1. Fitjar kommune skal utgjera to valkrinsar frå stortingsvalet i 2017, Rimbareid og Øvrebygda. Røystelokala skal leggjast til Fitjar kultur- og idrettsbygg og Øvrebygda skule.
2. Det skal nyttast elektronisk kryssing i manntalet på valdagen.

Ved røysting vart framlegget frå representanten Maraas sett opp mot framlegget til administrasjonen. Framlegget frå administrasjonen fekk 0 røyster og fall. Det ligg etter dette føre slik;

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

1. Fitjar kommune skal utgjera to valkrinsar frå stortingsvalet i 2017, Rimbareid og Øvrebygda. Røystelokala skal leggjast til Fitjar kultur- og idrettsbygg og Øvrebygda skule.
2. Det skal nyttast elektronisk kryssing i manntalet på valdagen.

PS 88/16 Ymse

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

FKIB har 25 års jubileum.

Korleis er kommunen engasjert i dette jubileumet? Burde ikkje kommunen/kommunestyret som største eigar/aksjonær vera involvert i å feira dette bygget?

Eg som politiker har ikkje høyrte om dette jubileet på anna enn facebook og avis no nylig.

Svar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Kommunen har inga formell rolle i jubileet til FKIB. Ordførar og rådmann er invitert.

Styreleiar Agnar Aarskog orienterte formannskapet om at det er FKIB sitt arrangement, og om planane for jubileumsfeiringa.

PS 89/16 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Meldt i møtet:

- ✓ Meldingssaker til formannskapet:
Ekstra skjønn, Moms på kommunale rusbustader, Naudstraum på FBB og Havnauset, Vegljøs Kvedno, Selbjørnsfjordtunnellen AS, Aksjar i SLab as, Tilskot til utdjuving i Hellandsstraumen, Status legesenter
- ✓ Brev frå DSB: Ny organisering av brann- og redningsvesen – DSB har fått oppdrag om å revidere forskrift – orientering av brannsjef Tore Nesbø
- ✓ Oppdrag – dimensjoneringsforskriften
- ✓ Brev frå Bergensalliansen av 21.10.16
- ✓ Prosjektinfo, brannsamarbeid
- ✓ Risiko- og sårbarhetsanalyse Fitjar brannvesen
- ✓ Fylkesmannens faglege tilråding om ny kommunestruktur i Hordaland
- ✓ Melding om skatteinngang pr september 2016

Delt ut i møtet:

Melding om skatteinngang oktober – nærmar oss budsjett

Orientering frå rådmannen:

Riksantikvaren – sendast på mail til formannskapet

Referat frå møte Stord vestsida – sendast på mail til formannskapet

Hamnesamarbeid – rapport – mykje arbeid att

Årskog – 2 båtar ligg til kai, muligens kjem båt nr 3.

Volden tek ut stein etter avtale.

Reguleringsplan, fått inn fleire tilbod

Status LAR-senteret: Nokre brukarar har fått tilbod om å leige leilighet.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.